

## Søknadsskjema – ervervsløyve for snøskuter i Valle kommune 2020-2024

Eg søker om ervervsløyve for snøskuter i Valle kommune:

Namn:.....

Adresse:.....Tlf.:.....

Aktuelt geografisk område (sjå bakdsida):  
.....

Grunngjeving for søknaden:

Om aktiviteten som ervervskøyrar i førre periode (for dei som hadde ervervsløyve perioden 2016-2020):

.....den.....  
(stad) (dato)

.....  
(underskrift)

Søknaden sendast til **Valle kommune, post@valle.kommune.no** Søknaden må ha kome fram innan **15. oktober 2020**. Sjå under for meir informasjon.

## Om lovheimelen

Løyve til å drive ervervskøyering med snøskuter er heimla i § 5a i *Nasjonalforskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag*. Eit ervervsløyve gjev løyvehavaren høve til å ta på seg ulike køyreoppdrag. Desse køyreoppdraga må etter den nasjonale føresegna vere knytt til minst eitt av følgjande punkt:

- transport med direkte heimel i § 3 i føresegna
- transport mellom bilveg og hytte
- tilsyn med privat hytte etter oppdrag frå eigaren
- transport for massemedia på reportasjeoppdrag
- transport for personar med funksjonshemming
- transport etter dispensasjon i medhald av § 6 i føresegna
- transport for beitelag (saltstein, gjerdemateriell, gjetarhytter m.m)

Ervervsløyve opnar soleis ikkje opp for rein turkøyering

## Om løyvetildelinga

Dei som kan få ervervsløyve i Valle kommune må vere fastbuande i kommunen, og dei må vere fleksible med omsyn til å kunne ta på seg køyreoppdrag. Søkjarar som har hatt løyve tidlegare, må kunne syne til at dei har hatt ei viss mengde med oppdrag. Ut frå innkomen søknader innan søknadsfristen, avgjer planutvalet kven som får løyve.

Etter Valle kommune sin *Plan for bruk av motorkjøretøy i utmark*, vedteke i kommunestyret 27.05.2020, skal ervervsløyva i kommunen fordelast på følgjande måte:

Dale – Løyland - Røysland, løype 8	2 løyver
Åmli- Bø –Berg - Nomeland, løype 9	3 løyver
Uppstad, løype 10	2 løyve
Berg-Brokke-Nomeland-Rysstad, løype 11 og 12	10 løyver
Helle-Besteland, løype 13	2 løyver
Straume, løype 7	2 løyver
Björgum, løype 6	2 løyver
Hovet-Haugen, løype 5	2 løyver
Sandnes-Kvestad-Harstad-Tveiten-Nordibø, løype 4	5 løyver
Tveitebø, løype 3	2 løyver
Homme, løype 2	2 løyver
Oveinang aust-Bjørnevatn	2 løyver
<b>Sum</b>	<b>36 løyver</b>